



TIME KOMMUNE

Kommunalteknisk avfallsnorm

Vedteken av Time kommunestyre 12. desember 2006





Forord

Bakgrunn

Det er eit klart behov for å integrera avfallsfag ved planlegging og tilrettelegging av både reguleringsplanar og byggeprosjekt.

For å ivareta dette behovet har Time kommune vedteke ei kommunaltekniisk avfallsnorm.

Norma er laga med utgangspunkt i tilsvarande kommunaltekniiske avfallsnormer for

Stavanger og Sandnes. Avfallsnorma er heimla i kommunen si renovasjonsforskrift.

Bruk av avfallsnorma har som mål å oppnå rasjonaliseringsgevinst og kostnadssparing, gjennom forenkla saksbehandling, reduserte driftsproblem, og mindre behov for korrigerande tiltak.

Bruk av avfallsnorma

Time kommune si renovasjonsforskrift stiller krav om utarbeiding av renovasjonstekniske planar (RTP) både i reguleringsplanar, byggeplanar og byggesaker, der desse omfattar avfallsprodusentar og offentleg eller privat renovasjon.

Med "Renovasjonsteknisk plan" er her meint ei heilskapleg vurdering av korleis praktisk renovasjon skal tilretteleggast i byggefase og gjennomførast i driftsfase.

Renovasjonstekniske planar skal overfor både Kommunalteknikk og Plan og forvaltning utgjera nødvendig dokumentasjonsgrunnlag for at avfalls- og renovasjonsmessige krav og løysingar er tilfredsstillande ivaretakne.

Før reguleringsplan, byggeplan og byggesak vert godkjende, skal godkjend RTP finnast.

Renovasjonstekniske planar skal saksbehandlast av kommunen v/ Kommunalteknikk.

Time kommunestyre den 12. desember 2006



Forsidebilde:

Nedgravde avfallscontainere
plassert ved Rosselandstunet,
Bryne.

Innholds-oversikt

1. Innleiing	6
1.1 Målsetjing med avfallsnorma	6
1.2 Gyldigheitsgrunnlag	6
1.3 Prinsippkisse	7
1.4 Hovudsystem for innsamling av hushaldsavfall	7
2. RTP i plansaker	8
2.1 Generelt	8
2.2 Sjekkliste – planlegging og saksbehandling	8
2.2.1 Føresegner til reguleringsplanar og busetnadsplanar	8
2.2.2 Plankart	10
3. RTP i byggesaker	11
3.1 Generelt	11
3.2 Avfallsrom i bygg	11
3.2.1 Generelt	11
3.2.2 Avfallsrom for hushaldsavfall	11
3.2.3 Avfallsrom for bedrifts-/næringsavfall	12
3.2.4 Brannsikring	12
3.2.5 Plassering av avfallsrom	13
3.2.6 Tilkomst for kommunal töming	13
3.2.7 Andre normkrav til avfallsrom i bygg	14
3.3 Utandørs oppbevaring av avfall	15
3.3.1 Generelt	15
3.3.2 Brannsikring	15
3.3.3 Byggjemåte - Oppstillingsplassar for "4-behaldarsystem"	16
3.3.4 Byggjemåte - Oppstillingsplassar for bedrifts-/næringsavfall	16
3.3.5 Byggjemåte - Offentlege og private avfallsanlegg	18
3.3.6 Estetiske og visuelle forhold	19
3.4 Nedgravde containerar	19
3.4.1 Generelt	19
3.4.2 Spesifikke tilvisingar	20
3.5 Andre tilpassa løysingar	21
3.5.1 Generelt	21
3.5.2 Sugesystem for avfall	21
3.6 Dimensjoneringskriteriar	22
3.6.1 Generelt	22
3.6.2 Avfallets mengder og samansetning	22
3.6.3 Dimensjonerande volum – hushaldsavfall i "4-behaldarsystem"	25
3.6.4 Dimensjonerande volum – hushaldsavfall i nedgravde containerar	26
3.7 Sjekkliste – planlegging og saksbehandling	27
3.7.1 Val og plassering av renovasjonsløysing	27
3.7.2 Tilpassing av avfallsutstyr	27
3.7.3 Dimensjonering av avfallsvolum og utstyr	28
3.7.4 Innsamling	28
3.7.5 Bygningsteknisk metode	29
3.7.6 Andre renovasjonstekniske forhold	30
3.7.7 Planteikningar	30
4. Utstyr for renovasjon	32
4.1 Generelt	32
4.2 "4-behaldarsystem" for hushaldsavfall	32
4.3 Nedgravde containerar	33
4.4 Avfallsutstyr for bedrifter	34

1. Innleiing

1.1 Målsetjing med avfallsnorma

Nye krav til kjeldesortering og gjenvinning av avfall har gitt kommunen eit spesielt ansvar med å koordinera og tilrettelegga for miljøvenlege, brukarvenlege og samfunnsøkonomiske totalløysingar for behandling av avfallet.

Hovudformålet med kommunen si kommunaltekniske avfallsnorm er å:

- sikra føresetnader for mest mulig rasjonell drift av avfallssystem i bygg og bustadområde.
- setja krav om utarbeiding av renovasjonsteknisk plan (RTP) i reguleringsplanar, busetnadsplanar og byggesaker.
- tilvisa rettleiande renovasjonstekniske spesifikasjoner knytta til mellom anna kjelde sortering og innsamling, avfallsutstyr, hygiene, brannsikring, veg/tilkomst, arealbruk og estetikk.

Avfallsnorma skal:

- vera eit hjelpemiddel til å effektivisera den avfallsfaglige saksbehandlinga i kommunen.
- ivareta kommunen si hovudmålsetning om kundefokusert kvalitet innan avfalls-/ renovasjonssektoren, både for tekniske løysingar, og praktisk renovasjon.
- tilvisa eintydig heimelsgrunnlag for krav og rettleiingar til avfallsanlegg (for eksempel avfallsrom, miljøstasjonar, oppstillingsplassar for avfallsbehaldarar) omfatta av Plan- og bygningslova, samt andre lover og forskrifter om avfall og renovasjon (blant anna tekniske forskrifter til Pbl, helselovverk, brannlovverk).
- setja funksjonskrav og tilrådde tekniske løysingar for avfallsanlegg.

1.2 Gyldigheitsgrunnlag

Lovmessig status:

Den kommunaltekniske avfallsnorma er heimla i Forureiningslova og i renovasjonsforskrifta til Time kommune.

Grensesnitt mot andre typar regelverk:

Kommunaltekniisk avfallsnorm gir renovasjonstekniske rettleiingar knytta til ulike nivå for byggesaksbehandling i samsvar med Plan- og bygningslova.

Norma er vidare knytta til andre relevante kommunale forskrifter, normer og bestemmingar som omfattast av fagområdet renovasjon.

Norma gjelder ikkje for:

renovasjonstekniske forhold knytta til byggefase/rivefase
ordinær drift av avfallssistema (jf. Renovasjonsforskrift for Time kommune).


Tilvisinger:

- Stortingsmelding nr. 21. (2005-2005). Regingens miljøvernpolitikk og rikets miljøtilstand.

Saksbehandling og klage

Klage over enkeltvedtak knytta til byggesaksbehandlinga følgjer reglane for klage etter Plan- og bygningslova, § 15, jamfør reglane i Forvaltingslova. Klageinstans er Fylkesmannen, og klage må sendast via kommunen. Klage over enkeltvedtak knytta til godkjenning av renovasjonsteknisk plan kan i høve til renovasjonsforskrifta klagast til kommunen si klagenemnd. Klage må sendast via kommunen.

1.3 Prinsippskisse



Tilvisinger:

- Forureningslova
- Forskrift til Pbl § 10-35
- Pbl §§ 3 og 4
- Renovasjonsforskrift Time kommune

1.4 Hovedsystem for innsamling av hushaldsavfall

Time kommune har innført et 4-behaldar system for innsamling av hushaldsavfall. Dette inneber kjeldesortering av 4 avfallsfraksjonar for alle hushald.

Leveringsmåte

Fraksjon	Utstyr	Tømefrekvens	Anna
Restavfall	Behaldar på 120, 240 eller 660 liter	Kvar 4. uke	Behaldar på 80 liter for bleie-avfall kan kjøpast i tillegg
Papir/papp	Behaldar på 240 eller 660 liter	Kvar 4. uke	
Organisk	Behaldar på 140 eller 240 liter	Kvar 2. uke	Organisk avfall kan også komposterast i egen kompostbinge eller gjødselkjellar, etter avtale med kommunen
Plastemballasje	Behaldar på 120, 240 eller 660 liter med sekkk, eller bare sekkk på 140, 240 eller 600 liter (valfri ordning)	Kvar 4. uke	

Behaldarar på 660 liter og sekker på 600 liter skal berre brukast til innsamling av plastemballasje frå store einingar, som til dømes sameigar og burettsslag.



2. RTP i plansaker

Regulerinsplanar og byggeplanar

2.1 Generelt

RTP i plansaker omfattar offentlige og private reguleringsplanar samt bustadplanar. God renovasjonsteknisk planlegging i planfasen legg både rammar og tilrådingar for byggesakene. Planlegging og saksbehandling av RTP i byggesak kan då forenklast, samtidig som behovet for korrigerande tiltak vert minimerte. I kapittel 2.2 går sjekkpunkt for både planleggjarar og saksbehandlarar fram ved:

- formulering av postar om avfall og renovasjon i reguleringsføresegner
- framstilling av renovasjonstekniske detaljar i planteikningar til reguleringsplanar/busetnadsplanar.

2.2 Sjekkliste – planlegging og saksbehandling

2.2.1 Føresegner til reguleringsplanar og busetnadsplanar

Sjekkpunkt

<input type="checkbox"/> Val av renovasjonsløysing	Rammer vert fastsette for val av renovasjonsløysing(ar) i området. Val av løysingar skal omfatta både hushald og næringsliv, og ta omsyn til m.a. etablert busetnad, framtidige utbyggingsplanar, servicenivå, renovasjonsruter, estetikk og kostnader.
<input type="checkbox"/> 4-behaldar systemet (standard)	Utgangspunkt: Alle bueiningar har kvart sitt sett med behaldarar. Eigna for: Einebustader, rekkehus, mindre bedrifter som har "tilsvarande" avfall som hushald. Sjå pkt 1.4 for nærmere omtale.
<input type="checkbox"/> Fellesabonnement 4-behaldar systemet	Tradisjonell løysing der bueiningar deler på større avfallsbehaldarar. Utgangspunkt: Skal avtalast med Kommunalteknikk - renovasjonen. Eigna for: <ul style="list-style-type: none">• Burettslag og sameige med eigne avfallsrom, avfallsbodar eller felles oppstillingsplassar• Naboar som ønskjer å dele på avfallsbehaldarar
<input type="checkbox"/> Nedgravde containerar	Ny renovasjonsløysing med fellescontainerar som vert gravne ned i bakken og eigne innkast over bakken med tilgangskontroll. Utgangspunkt: Skal avtalast med Kommunalteknikk – renovasjonen. Ordning for både hushald og ein del typar næringsliv. Eigna for: Sentrumsbusetnad, nye utbyggingsområde, burettslag og sameige.
<input type="checkbox"/> Avfallssug	Vakumsugesystem for avfall omfattar både stasjonære og mobile løysingar. Kommunen har ikkje innsamlingsløysingar for mobile løysingar. Utgangspunktet: Investering er utbyggjar sitt ansvar. Ordning skal avtalast med Kommunalteknikk – renovasjon. Eigna for: Sentrumsbusetnad, nye utbyggingsområde, arealknappe område.
<input type="checkbox"/> Renovasjonsløysingar for næringsavfall	Kommunen skal ikkje detaljera næringslivet sine val av renovasjonsløysingar. Rammar om dette i føresegnehene vil likevel bl.a. kunna gjelda: <ul style="list-style-type: none">• Føresetnader ved eventuell samlokalisering med hushaldsavfall• Krav om fellessystem for avfall frå ulike verksemder
<input type="checkbox"/> Andre hovudløysingar	Andre løysingar for planområdet, for eksempel heimekompostering av organisk avfall

<input type="checkbox"/> Spesialområde/plasering av renovasjons-tekniske løysingar	Rammer vert fastsette for kor renovasjonsutstyret skal plasserast. Dette inkluderer også "spesialområde" øyemerka for særskilt avfallshandtering. Rammene skal omfatta både hushaldsavfall og næringsavfall.
<input type="checkbox"/> Avfallsrom i bygg	Krav om at avfallet skal oppbevarast innandørs/i bygget?
<input type="checkbox"/> Avfallsbodar/utandørs oppstillingsplassar	Krav om at det skal avsetjast areal til eigne avfallsbodar i tilknyting til bygget? Eventuelle funksjons-, design- og materialekrav til desse? Behov for særskilt regulering av areala?
<input type="checkbox"/> Utandørs oppstillings-plassar	Krav om at det skal avsetjast areal til faste oppstillingsplassar for avfallsutstyr? Eventuelle krav til avskjermande tiltak? Behov for særskilt regulering av areala?
<input type="checkbox"/> Nedgravde løysingar	Tilvisa plassering av nedgravde containerar? Behov for særskild regulering av areala?
<input type="checkbox"/> Avfallssug/leidningsnett	Tilvisa plassering av terminalbygg for stasjonært avfallssug? Tilvisa trase for leidningsnett til stasjonært avfallssug? Behov for særskilt regulering av areala?
<input type="checkbox"/> Kommunale miljøsta-sjonar (tilbod for alle abonnentar)	Tilvisa plassering av kommunale miljøstasjonar for avfall? Behov for særskild regulering av areala?
<input type="checkbox"/> Private miljøstasjonar (tilbod til beboarar i burettslag, sameige o.l.)	Tilvisa plassering av private miljøstasjonar for avfall? Behov for særskild regulering av areala?
<input type="checkbox"/> Brannsikre løysingar	Eventuelle krav til brannsikre løysingar vert fastsette.
<input type="checkbox"/> Tilkomst	Krav fastsettes til tilkomst for praktisk utføring av renovasjon.
<input type="checkbox"/> Renovasjonsforskrift	Tilvising til relevante paragrafer i Time kommune si renova-sjonsforskrift eller andre forskrifter, retningsliner eller vedtak heimla i denne?
<input type="checkbox"/> Servicenivå	Tilrådingar til servicenivå for renovasjonsabonnementane i området? Kan gjelda bl.a. avstand frå bustad til avfallsutstyr, hygiene, støy.
<input type="checkbox"/> Estetikk	Føringar vert fastsette som sikrar at avfallshandteringa i minst mulig grad verkar skjemmande eller sjenerande for omgjevnadane. Dette kan for eksempel gjelda: <ul style="list-style-type: none"> • Avskjerma/skjula avfallet/avfallsutstyr • Form og design for ope plassert avfallsutstyr og miljøstasjonar • Støy ved töming/transport



2.2.2 Plankart

Sjekkpunkt

<input type="checkbox"/> Plassering av utstyr	Fast plassering av avfallsutstyr på eiga tomt/eigedom skal gå fram i plankart.
<input type="checkbox"/> Spesialområde	Plassering av eventuelle spesialområde for avfall (for eks. kommunale miljøstasjonar) skal gå fram i plankart.
<input type="checkbox"/> Køyreruter m/ snuplassar	Til busetnadsplan skal det vera innteikna på plankart: <ul style="list-style-type: none">• Køyrerute for tøming av hushaldsavfall, inkludert eventuelle snuplassar• Tilkomst for tøming av eventuelt næringsavfall• Tilkomst for tøming av eventuelle miljøstasjonar
<input type="checkbox"/> Stoppunkt for renovasjonsbil	Med stoppunkt er meint alle stader i planområdet der renovasjonsbilen stoppar og utfører tøming. <ul style="list-style-type: none">• Stoppunkt skal vera avmerka på plankart.• Gjeld både hushaldsavfall og næringsavfall.
<input type="checkbox"/> Nedseinka kantstein	Nedseinka kantstein har her som formål å forenkla tøming av større behaldarar, samt unngå skade på utstyr. Det er i avfallsnorma krav om nedseinka kantstein der behaldarar større enn 240 liter skal tømast. <ul style="list-style-type: none">• Nedseinka kantstein knytta til renovasjon skal merkast på plankart.
<input type="checkbox"/> Anna	Anna som kan ha innverknad på renovasjon i planområdet vert merka på plankart. Dette kan for eks. vera avskjermings tiltak eller særskilde løysingar for næringsavfall.

3. RTP i bygesaker

3.1 Generelt

RTP i ei byggesak skal vurdera ei rekke sjekkpunkt som i sum skal gje ei best mogleg renovasjonsløysing for både brukarar, renovatør og utbyggjar:

- Lovverk og reguleringsføresegner
- Løysingar i forhold til investeringar og driftskostnader
- Servicegrad for brukarar av renovasjonssystemet
- Utføring av praktisk renovasjon
- Tryggleik og estetikk

3.2 Avfallsrom i bygg

3.2.1 Generelt

Med "Avfallsrom i bygg" er her meint frittståande eller integrerte rom/areal, definert av byggesaksstyremakt som bygg/del av bygg, og øyremerka formålet avfallsdisponering. Norma omfattar både avfallsrom for hushaldsavfall og for bedrifts-/næringsavfall.

3.2.2 Avfallsrom for hushaldsavfall

I Time kommune er "4-behaldarsystemet" med fraksjonane papiravfall, organisk avfall, plastemballasje og restavfall bygd ut som hovudsystem for hushaldsavfall. Eigen kompostbinge, eller kompostering i gjødselkjellar, kan erstatta behaldar for matavfall. For nærmere informasjon vises til kommunen sine heimesider og til tømekalenderen. "4-behaldarsystemet" omfattar også burettslag, sameige og andre med fellesabonnement og med felles avfallsrom.

Informasjon om standard utstyr som kan nyttast i 4-behaldarsystemet går fram i kapittel 3.6.3 og 4.2.

Eit avfallsrom for hushaldsavfall vert dimensjonert slik:

- Dimensjonert for oppsamling av avfallsmengd tilpassa kommunen sin ordinære tømefrekvens, sjå tømekalender.
- Alle behaldarar i "4-behaldarsystemet" bør ha plass i avfallsrommet.
- Ut frå formålet å unngå tilfeldig /uheldig plasserte behaldarar fordi avfallsrommet er for lite, eller uheldig plassert.
- Kombinasjon med godkjent utandørs oppstillingsplass vil i mange tilfelle vera aktuelt.
- Avfallsrommet bør ha plass til oppbevaring av farleg avfall, dersom dette ikkje spesifikt skal oppbevarast i kvar einskild bueining. I mange bygg med bustader vil vaktmeister eller innleigde tenester vera eigar av mykje av dette farlege avfallet, for eksempel som følgje av felles vedlikehald/oppussing. Ein tilrår låst dør der farleg avfall vert lagra.
- Eventuell heimekompostering av organisk avfall, i bingje eller reaktor, skal ikkje gjerast innandørs.

3.2.3 Avfallsrom for bedrifts-/næringsavfall

Generelt rår ein bedrifter som ønskjer å byggja eige/eigne rom for oppbevaring av avfall å utarbeida ein avfallsplan for:

- Kva for avfallstypar som skal lagrast innandørs.
- Kva for avfallstypar som skal lagrast utandørs.
- Kva mengder avfall (kg/volum) pr. type som er venta.
- Kva utstyr som er mest eigna til lagring av dei ulike avfallstypane.

3.2.4 Brannsikring

Generelt

Branntillaup og brannar i avfallsbehaldarar og – containerar handlar både om behaldarar/containerar i sentrumsområde og behaldarar/containerar i tilknyting til bygg, blant anna skular og barnehagar.

Mange avfallsbehaldarar/-containerar står uheldig plasserte i forhold til trehusbusetnad, med klar fare for storbrann.

Nokre branntillaup skuldast sjølvtenning, andre er påsette. For å hindra slike påsette brannar må det sorgjast for at utedkomande ikkje har tilgang til denne typen brennbart materiale, ved at behaldarar/containerar vert lagra innandørs, eller at ein går over til låseleg avfallsutstyr og/eller utstyr av metall eller andre typar brannsikre materialar. Nedanfor er det omtala ein del viktige brannsikringstiltak ved utforming av avfallsrom i bygg.

Materialval i avfallsrommet

Eit avfallsrom i bygg skal skiljast ut som separat branncelle. I dei tilfella der det går avfallssjakt til avfallsrommet, skal avfallsrom og sjakt skiljast som ei, separat branncelle. Ein tilrår ikkje avfallssjakter, korkje utifrå branntekniske eller renovasjonsmessige forhold.

Tilvisinger:

- [Tekn.forskrift til Pbl, §7-24](#)
- [Forskrift til Lov om brannvern](#)

Avfallsrommet bør byggjast i robuste materialar

Dersom det skal oppbevarast farleg avfall i avfallsrommet, bør dette skiljast fysisk frå anna avfall, for å minimera risikoen for branntillaup, og skadeomfanget av dei. Dette kan ein oppnå ved å:

- Oppbevara farleg avfall i brannsikkjer emballasje/behaldarar.
- Byggja ein eigen seksjon i avfallsrommet, i brannsikre robuste materialar

Sløkkjeutstyr

Godkjent sløkkjeutstyr skal vera tilgjengeleg for å kunna sløkkja brann- og røykutvikling i avfallet.

Type avfallsrom	Rettleiing
Separat avfallsrom i bygget	Godkjent sløkkjeutstyr skal vera montert utvendig ved avfallsrom.
Separat avfallsrom i/ved garasjeanlegg i bygg	Avfallsrommet skal vera kopla til garasje-anlegget sitt sprinklaranlegg. Alternativt bygd som eiga branncelle med høgare krav til EI-120.
Avfallsbehaldarar plasserte i garasjeanlegg i bygg, utan eige avfallsrom	Arealet er dekka av sprinklaranlegg. Dersom ikkje skal sløkkjeutstyr vera montert på staden.

Tilvisingar:

- [Tekn.forskrift til Pbl, §7-25](#)

Varslingsutstyr

Røykvarslar med alarm skal vera montert i avfallsrommet. Røykvarslar i avfallsrom bør, der dette er mogleg, vera knytta til felles alarmanlegg for bygget.

Ventilasjon

Type avfallsrom	Rettleiing
Separat avfallsrom i bygg.	Ventilasjon skal gå direkte ut over taket på bygget.
Avfallsrom i/ved garasjeanlegg	Ventilasjon skal gå direkte ut over taket på bygget.

Tilvisingar:

- [Tekn.forskrift til Pbl, §8-34](#)

Tilvisingar:

- [Tekn.forskrift til Pbl, § 10-21, §7-25](#)

Tilkomst

Reell avstand frå stoppestad for sløkkjekøyrety til dør avfallsrom bør ikkje overstiga 25 meter.

3.2.5 Plassering av avfallsrom

Generelt vert det tilrådd at utstyr for oppbevaring av avfall ikkje vert plassert i/som del av bustad-/næringsbygg, men prioritert i frittliggjande avfallsbygg eller utvendige miljøstasjonar. Ved plassering av avfallsrommet i eit bygg tilrår ein følgjande:

Rettleiing	Grunngjeving
Avfallsrommet bør leggjast til yttervegg av bygget, med dør til yttervegg	Tilgjenge ved brannsløkkjing. Tilgjenge for praktisk töming av behaldarar
Dersom avfallsrommet ikkje har dør til yttervegg, bør det monterast luke til yttervegg	Tilgjenge ved brannsløkkjing
Avfallsrommet bør også ha innvendig tilkomst/dør	Tilkomst for brukarane

3.2.6 Tilkomst for kommunal töming

Renovasjonsforskrifta i Time inneber at avfallsbehaldarar skal setjast ut av abonnenten:

- på tilvist stad ved veg.
- på tömedag, i samsvar med tömekalender.

**Tilvisinger:**

- Time kommune – Renovasjonsforskrift

Renovasjonen kan imidlertid, etter nærmere avtale med abonnenten og med tillegg i prisen, yta følgjande tilleggstenester:

- Henting, tøming og tilbakesetjing av behaldarar plasserte i eller utvendig ved avfallsrom eller garasjeanlegg.

Avvik frå renovasjonsforskrifta skal godkjennast av renovasjonen i kvart enkelt tilfelle.

Blant anna må følgjande vera ivareteke:

Situasjon	Spesifikasjon
Innkøyring i garasjeanlegg	Høgde port: 4,2 meter. Breidd port: 3,0 meter. Akseltrykk for renovasjonsbil: Minimum 11,5 tonn. Totalvekt (køyrety + last) ved køyring på tak: 27 tonn. Høgde ved innandørs tøming av behaldarar: 4,20 meter. Innkøyring i garasjeanlegg føreset vegstandard og snuhammar (ved behov) i samsvar med kommunalteknisk vognorm.
Dør til avfallsrom	Dør skal dimensjonerast for henting av 1.100 liters behaldarar, som krev 120 cm lysopning. Mindre dør, dimensjonert for henting av 660 liters behaldarar, kan godkjennast av kommunen etter søknad om dette. Avfallsrommet bør likevel ha dør med 120 cm lysopning
Dørterskel	Flat terskel
Terreng	Avstanden frå avfallsrom til stoppestad renovasjonsbil skal vera mest mogleg horisontalt og med fast dekke. <ul style="list-style-type: none">• Helling inntil 1:33 (30 %)• Betong, stein eller asfalt
Kantstein	Eventuell kantstein skal vera nedseinka ved tømestaden for behaldarar større enn 240 liter, utforming jf. kommunalteknisk vognorm

Tilvisinger:

- Retningslinjer gitt av kommunens helseråd
- Tekn.forskrift til Pbl, §10-35
- Time kommune – Renovasjonsforskrift

3.2.7 Andre normkrav til avfallsrom i bygg

Post	Rettleiing
Låsing	Avfallsrommet skal veraavlåst. Lås til dør bør vera tilgjengelig i brannvesenet sin nøkkelsafe.
Skilting	Avfallsrommet skal vera tydelig skilta. Avfallsrommet skal vera avmerka på romplanen for bygget.
Reingjering/hygiene	Avfallsrommet skal ha montert spyteslange og sluk. Det bør vurderast avsugsventil i avfallsrommet. Det bør vurderast montering av kjøleaggregat i avfallsrommet, slik at temperaturen vert halden jamt på ca. 10 °C. Avfallsrommet bør ha innvendige overflater som er lette å halda reine.

3.3 Utandørs oppbevaring av avfall

3.3.1 Generelt

Med "utandørs oppbevaring av avfall" er i avfallsnorma inkludert:

Type	Situasjon
Bustadeiningar	Fast plassering av avfallsbehaldarar, utanom avfallsrom i bygg. Plassering av avfallsbehaldarar på tømetidspunkt. Plassering og utforming av private avfallsanlegg: <ul style="list-style-type: none">• Miljøstasjonar for sortert hushaldsavfall, i burettslag og liknande.• Andre anlegg
Bedrifter/næringsbygg	Fast plassering av avfallsutstyr, utanom avfallsrom i bygg
Anna	Offentlege avfallsanlegg: Kommunale, ubetente miljøstasjonar for sortert hushaldsavfall. Private oppsamlingseininger for sortert hushaldsavfall, tøycontainerar og anna.

Estetiske omsyn skal tilleggjast stor vekt

Som for "Avfallsrom i bygg" må også utandørs oppbevaring av avfall ivareta fleire omsyn:

- Lett og praktisk tilkomst for brukarane
- Brannførebyggjing, for eksempel låsing av behaldarar
- Tilkomst for renovatøren
- Skjerming av stasjonen med veggjar og tak
- bygg med tak og veggjar vert tilrådde
- Heilsleg utandørs arealdisponering
- Økonomiske forhold

I tillegg må estetiske omsyn tilleggjast stor vekt. I regulerings- /busetnadsplanar bør det ikkje planleggjast oppstillingsplassar for avfall i tilgrensande leikeareal.

Tilvisingar:
 • [Forskrifter til Lov om brannvern](#)

Estetiske omsyn skal tilleggjast stor vekt

3.3.2 Brannsikring

Oppstillingsplass

Situasjon	Rettleiing
Avstand frå avfallsutstyr inntil godkjent brannvegg	Ikkje normkrav/vert tilrådd
Avstand frå avfallsutstyr inntil bueiningar: Standardabonnement, 4-behaldar system Fellesabonnement, 4-behaldarsystem	Ikkje normkrav, men 4 meters avstand vert tilrådd
Inntil bedrifts-/næringsbygg, inkludert skular	4 meter avstand til brennbar vegg
Ikkje tilgang til oppstillingsplass for utedkomande.	Ikkje normkrav, men 4 meters avstand vert tilrådd
Tilgang til oppstillingsplass.	Behaldarar for brennbare materialar bør ha lok og låsast utanom arbeidstid

Tilvisingar:
 • [Time kommune - Renovasjonsforskrift](#)

Særskilde krav kan vurderast frå sak til sak.



3.3.3 Byggjemåte - Oppstillingsplassar for "4-behaldarsystem"

Standard - "4-behaldarabonnement" for hushaldsavfall

Behaldarane vert sette ut på oppgjeve tømetidspunkt og på stad tilvist i renovasjons-teknisk plan, jf. reguleringsplan/busetnadsplan og/eller bygesak. Når ikkje anna er tilvist, skal behaldarane på tømetidspunktet setjast i veggant ved felles eigedomsgrense, jf. renovasjonsforskrifta. Ut frå både branntekniske og estetiske omsyn vert det tilrådd å samla behaldarane i "bodar", til dømes som på biletet.

Fellesabonnement for hushaldsavfall

Oppstilling på tømedag:

Behaldarane skal setjast ut på oppgitt tømetidspunkt, og skal stå oppstilte på den staden som er tilvist i renovasjonsteknisk plan (jf. reguleringsplan/busetnadsplan og/eller bygesak) og i samsvar med renovasjonsforskrifta.

Permanente oppstillingar ("bossbod/binge"):

Estetiske omsyn ved plassering og utforming av felles, permanente oppstillingsplassar skal vektleggjast særskilt. Plassen bør avskjermast, for eksempel ved at:

- Behaldarane vert "inngjerda" med tregjerde eller strekkmetall. Tak/halvtak vert tilrådd.
- Behaldarane vert plasserta i bod/innhegning.
- Det er vegetasjon rundt behaldarane.

Slike oppstillingar skal ha opning mot køyrande veg av omsyn til tilkomst for tøming.

Tilrådd gåavstand frå hovudinngang - bueining til oppstillingsplass er maks. 75 meter, absolutt grense 125 meter.

Heimekompostering av organisk avfall

Alle abonnentar som ønskjer å kompostera matavfall/organisk avfall, eller kompostera i gjødselkjellar, skal ha ordning godkjend av kommunen. Dette inkluderer både utstyrsvsal for heimekompostering, og plassering av dette utstyret på eigedommen.



- Tilvisinger:
- Politivedtekter for Time kommune

3.3.4 Byggjemåte - Oppstillingsplassar for bedrifts-/næringsavfall

Situasjon	Rettleiing
Dimensjonering av oppstillingsplass og val av avfallsutstyr	Bedrifta skal byggja dimensjoneringskriteria og utstyrsvsal på ein utarbeidd "Avfallsplan"
Oppbevaring av farleg avfall	Utandørs oppbevaring av farlig avfall skal vera i godkjent oppsamlingsutstyr, sikra mot tilgang for uvedkomande
Lokalisering av oppstillingsplass for avfall	Skal tilvisast i renovasjonsteknisk plan, jamfør reguleringsplan og/eller bygesak. Bedrifta bør prøva å samla avfallsutstyret på ein plass

Situasjon	Rettleiing
Estetiske omsyn	Avfallsutstyret bør ha høg "visuell standard" og stå ryddig oppstilt. Oppstillingsplassen bør skjermast mot både naboar og kundar. Lukt og flygeavfall skal ikkje førekoma.
HMS	Tilkomsten til oppstillingsplassen for renovasjonsbilen skal vera vurdert i forhold til tryggleik for tilsette/kundar. Tilkomsten til oppstillingsplassen skal vera vurdert med omsyn til: <ul style="list-style-type: none"> • Generell brukarvenlighet • Avstandar • Inneutstyr for kjeldesortering. • Bruk av rampe. • Merking/skilting.

Midlertidige oppstillingsplassar

Midlertidige oppstillingsplassar for avfallsutstyr, for eksempel for bygge-/rivearbeid, skal på førehand godkjennast av kommunen og plasserast i samsvar med politivedtekten for kommunen.

Tilvisingar:

- Forskrift om smittefarlig avfall fra helsetjeneste og dyrehelsetjeneste m.v

Tilvisingar:

- Forskrift om vern av arbeidstakere mot farer ved arbeid med biologiske faktorer
- Arbeidstilsynets Rettleiing om innsamling og håndtering av husholdnings- og næringsavfall

Særskilde normkrav til smitte-/risikoavfall

Risikoavfall frå institusjonar, medisinsk behandling, veterinærbehandling m.m. skal handterast i samsvar med forskrift om smittefarleg avfall frå helsetjenesta og dyrehelsetjenesta m.v. Avfall som er forureina med sekret og liknande, som t. d. bleier, men som ikkje inngår i forskrifta sitt verkeområde, inneber like fullt hygieniske problemstillingar for både brukar av avfallsutstyr og for renovatør.

Følgjande rettleiing til denne typen avfall ivaretok forskriftsmessige krav til arbeidsmiljø for brukar og renovatør:

Situasjon	Rettleiing
Kjeldesortering	Avfall med biologisk forureining, og som ikkje inngår i Forskrift om risiko-avfall, skal kjeldesorterast og samlast i eigne, merka sekker. Sekkene skal knytast att. Sekkene skal samlast i behaldar/container og ikkje komprimerast.
Oppbevaring	Avfallet skal oppbevarast i avfallsrom eller på annan måte, som ikkje medfører fare for skadedyr, uønska luktproblem eller hygiene-/smitteproblem.

Denne typen avfall utgjer erfaringmessig ein stor del av institusjonane sine samla avfallsmengder.



3.3.5 Byggjemåte - Offentlege og private avfallsanlegg

Med offentlege og private avfallsanlegg er her meint ubetente miljøstasjonar for oppsamling av avfallsfraksjonar i hushaldsavfallet som ikkje inngår i 4-behaldarsystemet og farleg avfallssystemet.

Type anlegg	Rettleiing
Privat avfallsanlegg (miljøstasjon) for burettslag og liknande. Gjeld sortert hushaldsavfall, for eksempel: <ul style="list-style-type: none">• Glas-/metallemballasje• Plastemballasje• Tøy• EE-avfall• Evt. andre fraksjoner	Plassering av anlegg skal tilvisast i renovasjons-teknisk plan. Utstyr skal vera godkjent av kommunen. Ordning/avtale for tøming skal vera godkjent av kommunen.
